Forskrift om skulefritidsordning, Ål kommune, Buskerud

Dato	FOR-2026-10-15-2093
Ikrafttredelse	01.11.2026
Endrer	FOR-2026-03-19-519, FOR-2024-09-24-2806
Gjelder for	Ål kommune, Buskerud
Hjemmel	LOV-2023-06-09-30-§4-5
Kunngjort	20.10.2026 kl. 14.35

Heimel: Fastsett av Ål kommunestyre 15. oktober 2026 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5 sjette ledd.

§ 1. *Føremål*

Skulefritidsordninga (heretter SFO) er eit tilbod til barn på 1.–4. trinn, og for barn med særlege behov på 1.–7. trinn.

SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barn sine behov for omsorg og tilsyn, samstundes som ein skapar moglegheiter for sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar. Barn med nedsett funksjonsevne skal i tillegg få gode utviklingsvilkår.

Opplæringslova § 10-2 gir elevane rett til å medverke i forhold som gjeld dei sjølve, til å ytre meningane sine fritt og til å bli høyrde. SFO skal leggje stor vekt på trivsel, glede, tryggleik, omsorg, anerkjenning og tilhøyrsel. Føresegnene i opplæringslova § 12 om skulemiljø gjeld også for SFO.

§ 2. *Eigarforhold*

Ål kommune er eigar og ansvarleg for drifta av SFO i Ål.

§ 3. *Opptaksmyndigheit*

Kommunalsjef for oppvekst er opptaksmyndigheit for SFO ved alle skulane i Ål kommune, med høve til å delegere mynda.

§ 4. *Opptakskriterium*

Opptak skjer etter søknad gjennom føresetteportalen i Visma Flyt Skole. Nærare informasjon om framgangsmåten er tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Elevar på 1. til 3. trinn har rett til 12 timar gratis SFO per veke. Skulane skal i tillegg gi tilbod om gratis SFO for elevar med særlege behov på 5. til 7. trinn.

Barn med særlege behov er elevar med varig funksjonsnedsetting som medfører omfattande og vedvarande behov for bistand, og som har tilrettelegging innanfor ordinær undervisning, og eventuelt individuell tilrettelagd opplæring.

For skulane sitt SFO-tilbod utover dette, skal inntak av barn ved SFO vere basert på følgjande prioritering:

1. Barn med særlege behov kan takast inn før andre søkjarar når det ligg ei fagleg vurdering til grunn for situasjonen og tilråding om inntak. Det same gjeld for barn som det er gjort vedtak om etter barnevernslova § 5-1 første ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3-4 første ledd bokstav b.
2. Barn av einslege foreldre i arbeid eller under utdanning, og som åleine fører tilsyn med barnet/barna.
3. Barn som har forelder/føresette i arbeid eller under utdanning.
4. 6-åringar kjem framfor eldre barn.

Det er ikkje høve til å kjøpe enkeltdagar når barn ikkje har SFO-plass.

§ 5. *Opptaksperiode, oppseiing og endring*

Målsettinga er at alle barn som ønskjer eit tilbod i SFO, får tilbod om SFO-plass. Søknadsfrist til hovudopptaket er 1. mars. Søkjarar til hovudopptaket, som set seinare oppstartsdato enn 15. august, må likevel betale frå oppstart av SFO-året. Når ein får SFO-plass, gjeld den for eitt skuleår. Det er løpande opptak elles i året.

Dersom oppseiinga av den faste plassen eller delar av plassen for kommande SFO-år skjer etter 1. juni, blir august månad fakturert i samsvar med tildelinga av plass. Oppseiinga skjer gjennom føresetteportalen i Visma Flyt Skole. Nærare informasjon om framgangsmåten er tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Følgjande gjeld ved oppseiing av plass i løpet av SFO-året:
- Oppseiing av plass i SFO skal gjelde frå 1. i månaden.
- Oppseiingsfristen er 2 månader.
- Ved oppseiing etter 1. april skal det betalast for plassen fram til sommarferien.
- Kommunalsjef for oppvekst kan også seie opp plassar med same frist dersom betalingsfristen blir overskriden med meir enn 2 månader.
- Oppseiing av plass grunna tilbod i kulturskulen kan meldast inn utan oppseiingstid innan 20. august til oppvekstkontoret.

Føresette kan søkje om endring av SFO-plassen i løpet av skuleåret. Søknad om endring skal sendast gjennom føresetteportalen, på same måte som ved ordinær søknadsprosess.

§ 6. *Foreldrebetaling*

Barn på 1. til 3. trinn har rett til 12 timar gratis opphald i SFO per veke. Føresette vel sjølve korleis dei gratis timane skal nyttast innanfor SFO si ordinære opningstid. For opphald utover 12 timar per veke blir det kravd foreldrebetaling for barn på 1. til 3. trinn etter satsar fastsette av kommunestyret.

Retten til 12 timar gratis SFO per veke på 1. til 3. trinn gjeld også når SFO er open i feriane. Dei føresette har ikkje ein rett til å bestemme korleis dei 12 timane blir fordelt ved SFO i feriane. Dei 12 timane / 1,5 dag blir trekt frå ved faktureringa av ferie-SFO.

Elevar på 5. til 7. trinn med særlege behov skal få tilbod om gratis SFO. For elevar på 4. trinn føreligg det eit krav om foreldrebetaling.

Føresette til elevar på 1. til 4. trinn kan søkje om redusert foreldrebetaling dersom foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn 6 prosent av hushaldsinntekta det siste året, eller ved varig nedgang i hushaldsinntekta inneverande år som medfører at foreldrebetalinga utgjer meir enn 6 prosent av inntekta.

Det blir gjeve 30 prosent reduksjon på den rimelegaste plassen frå barn nummer to. Syskenmoderasjon blir ikkje gjeve på ekstradagar, ferie SFO eller i kombinasjon med redusert foreldrebetaling.

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga for SFO ved budsjettarbeidet kvart år. Rekninga blir sendt ut forskotsvis kvar månad. Det blir sendt faktura fordelt på elleve månader. Dersom meir enn 2 månader av foreldrebetalinga ikkje er betalt, blir varsel om oppseiing av plassen sendt frå kommunen.

§ 7. *Leike- og opphaldsareal*

Kommunen har ansvar for å sikre alle barn og unge ein god oppvekst med eit positivt skulefritidstilbod der det er variasjon i aktivitetar ute og inne. Innandørs har SFO sin base på skulen, og utandørs nyttar ein felles uteareal med skulen. SFO har høve til å nytte andre rom på skulen ved behov.

§ 8. *Dagleg opphaldstid og årleg opningstid*

SFO følgjer skuleåret og er open alle dagar som inngår i skuleruta.

SFO har opningstid frå kl. 07.30 til kl. 16.30, utanom undervisningstid.

SFO er stengt i juli, jul- og påskeferie, i inntil seks planleggingsdagar og andre fridagar i skuleåret jf. skuleruta. Desse dagane er normalt dei same som skulen sine.

I haustferien, vinterferien, i juni etter skuleslutt, og i august før skulestart, (utanom dei 4 planleggingsdagane før skulestart) er det høve til å kjøpe dagar.

Påmeldinga til SFO i feriane må skje seinast 14 dagar før tilbodet blir gitt, og påmeldinga er betalingsbindande.

Dersom ein elev ikkje kan møte til SFO som avtalt, skal skulen eller SFO få melding om dette. Ved for sein henting blir det fakturert gebyr etter fastsett sats per påbegynte 30 minutt.

Barn som har SFO-plass kan på førespurnad og etter avtale med SFO leiar kjøpe enkeltdagar.

§ 9. *Personale og leiinga*

Bemanninga blir planlagt etter følgjande norm: 12 barn per vaksen. Ein føreset ein viss fleksibilitet i forhold til talet på barn per vaksen.

Det stilles krav til at dei tilsette på SFO må leggja fram tilfredsstillande politiattest i samsvar med opplæringslova § 17-11, jf. politiregisterlova § 39 første ledd, og at dei tilsette overheldt teieplikta etter forvaltningslova §§ 13 til 13g.

SFO er administrativt knytt til sektor for oppvekst, og politisk underlagt hovudutval for kultur og oppvekst. Rektor har det overordna administrative, personalmessige og pedagogiske ansvaret for SFO, og leier det daglege arbeidet i samarbeid med SFO-tilsett med funksjonsansvar. Leiinga av SFO skal vere i samsvar med lov og forskrift.

§ 10. *Utarbeiding av årsplan for SFO*

Rektor skal i samband med dei SFO-tilsette utarbeide ein årsplan for verksemda. Planen skal innehalde mål, organisering og innhald for drifta. SFO-tilsette skal etter behov delta på skulen sine klasseforeldremøter og på utviklingssamtaler for å kunne ta nødvendig omsyn til elevane i SFO-tida.

§ 11. *Samarbeid med føresette*

Foreldrerådet er alle føresette med barn i SFO. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heim og SFO.

Samarbeidsutvalet (SU) ved skulen er styre for SFO. Foreldrerådet vel ein representant til SU.

Det skal haldast minst eitt foreldremøte kvart år i hausthalvåret. Administrativ leiar for SFO kallar inn til møtet. Val av representant til SU skal bli gjennomført på haustmøtet.

§ 12. *Måltid*

Skular som tilbyr matservering i SFO finansierar denne via betaling frå føresette. Foreldrebetalinga skal nyttast til innkjøp av råvarer til matservering, og dersom ikkje heile foreldrebetalinga vert nytta skal beløpet tilbakebetalast til føresette. Den enkelte skule fastsett årleg satsar for matserveringa og kan endre sats i løpet av året.

§ 13. *Skifteklede*

Foreldre skal til ei kvar tid sørge for at det er nok skifteklede, innesko samt namnemerka klede til barna.

§ 14. *Skyss*

Skulefritidsordninga er frivillig, og føresette må sørge for å bringe og hente barna sine når ordinær skuleskyss ikkje kan nyttast. Elevar med særlege behov har rett til skyss til og frå SFO. Denne retten gjeld ikkje i skuleferiane.

§ 15. *Retningslinjer*

SFO skal drivast i samsvar med lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringsforskrifta), forskrift om rammeplan for skolefritidsordninga, og andre til ei kvar tid gjeldande føresegner og retningslinjer for drift av SFO.

§ 16. *Klage*

Skulen sitt vedtak om tildeling eller avslag på søknad er å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav b, og kan klagast på etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Klage skal sendast den kommunale eininga som har gjort vedtaket. Formannskapet er klageinstans for enkeltvedtak om SFO.

§ 17. *Endringar i forskrifta*

Sektorutval for kultur og oppvekst kan vedta mindre endringar i forskrifta, medan større eller prinsipielle endringar skal vedtakast av kommunestyret.

§ 18. *Iverksetting og opphøyr*

Forskrifta er vedteken av Ål kommunestyret 15. oktober 2026 og trer i kraft 1. november 2026. Samstundes vert forskrift 24. september 2024 nr. 2806 og forskrift 19. mars 2026 nr. 519 om skulefritidsordning, Ål kommune, Buskerud, oppheva.